

Føresegner til reguleringsplan for Finse - Lågheller

(stadfesta av Miljøverndep. 20.02.2001)

Reguleringsføresegnene omfattar del av hovudbruk gnr. 38 og elles dei eigedomar som ligg innafor reguleringsplanen sine grenser. Føresegnene er gjort gjeldande for alt areal innfor plangrensene slik dei er vist på plankart i M=1:25000/5000.

Planen har som målsetting å innfri det nasjonale ansvaret om å vare på biologisk mangfald med særleg vekt på å sikre ei mogleg utveksling av villrein mellom beiteområda på begge sider av Bergensbanen i det aktuelle området.

1. Ved hjelp av plan med tilhøyrande føresegner skal ein halde deler av det aktuelle området mest mogleg fritt for aktivitetar og inngrep som verkar øydeleggjande på det sårbare økosystemet.
2. Gjennom informasjon vil ein stimulere til positive til haldningar om felles bruk og vern av fjellområdet og det biologiske mangfaldet, her under felles nasjonale plikter om særleg vern av villrein

§1. Reguleringsføresmål

Byggjeområde	Pb1. § 25 ledd 1 nr. 1
Offentlege trafikkområde	Pb1. § 25 ledd 1 nr.3
Fareområde	Pb1. § 25 ledd 1 nr. 5
Spesialområde	Pb1. § 25 ledd 1nr.16-her under område for kulturminne, særlege bygningar og anlegg, naturvern.

§2. Byggjeområde, pb1. §25

2.1 Område for fritidshus

- 2.1.1 Det er ikkje tillate å gjennomføra bygningsmessige endringar eller auke det totale bygningsvolum på tomta. Vedlikehald av bygningane kan utførast. Det skal nyttast materiale og fargar som ikkje skaper kontrast til naturlandskapet.
- 2.1.2 Eigedomar og bygningar kan ikkje omdisponerast til anna formål utan samtykkje/dispensasjon frå kommunen.
- 2.1.3 Det kan ikkje installerast nye toalettanlegg som treng vasskylling utan samtykkje frå vedkomande forureiningsmynde.
- 2.1.4 Uteområdet på tomta bør ikkje opparbeidast på ein måte som kjem i visuell strid med høgfjellsnaturen. Det bør heller ikkje opparbeidast støttemurar eller etablerast stein- eller jordfyllingar ut frå same føresetnad.

2.2 Allmennyttige føremål

- 2.2.1 Eigdommar og bygningar kan ikkje omdisponerast til anna føremål utan samtykkje/dispensasjon frå kommunen.

2.2.2 For områda gjeld føresegnene ovanfor etter §2.1 så langt det ikkje kjem i strid med verneframlegget frå Riksantikvaren.

2.2.3 Området kan nyttast til museale føremål

§3 Trafikkområde, pbl. §25 ledd 1 nr. 3.

3.1 *Ny jernbanelinje i dagen.*

3.1.1 Bana si horisontale og vertikale lineføring skal ikkje endrast unnateke dersom det skjer som ein følgje av omlegging av Bergensbanen vestover. Føremålet vert målt ut ifrå gjennomsnittleg senterline og strekkjer seg frå topp skjering til botn fylling eller minimum 5,0 m ut til kvar side frå senterline.

§4 Fareområde, pbl. §25 ledd 1 nr 5

4.1 *Høgspenline*

4.1.1 Sikringsbelte langs høgspenline utgjer 15 m til kvar side senter trasè. Det kan ikkje gjennomførast bygningsmessige tiltak i dette område utan samtykkje/dispensasjon frå vedkomande mynde.

§5 Spesialområde, pbl. §25 ledd 1 nr 6

5.1 *Område for kulturminne – Rallarvegen*

5.1.1 Veggen si horisontale og vertikale lineføring skal ikkje endrast. Reguleringsføremålet vert målt utifrå gjennomsnittleg senterline og strekkjer seg frå topp skjering til botn fylling eller minimum 2,5 m ut frå kvar side frå senterline.

5.1.2. Veggen er open for allmenn ferdsle, men med følgjande avgrensingar:

- a) Teltning og overnatting i vegføremålet er ikkje tillate.
- b) Veggen er ikkje open for motoriserte kjøretøy. Etter søknad kan det likevel gjevast dispensasjon i samband med vedlikehald og drift a veggen, faste anlegg og eigedommar, og forvaltning av fjellet i samsvar med fjellova.
- c) Åting og brøyting er ikkje tillate.
- d) Hundespann er ikkje tillate i perioden frå etter påske til 1. juli.

5.1.3. Skilt for informasjon og bruk av området og om vernetiltak, kan berre lokaliserast til ytterkantane av planområdet og ved Fagernut. Det kan etter søknad gjevast løyve til oppsetting av mindre skilt langsmed veggen.

5.1.4. Det er ikkje høve til å sikre veggen med autovern. Derimot kan det nyttast stabbesteinar plassert slik at dei ikkje hindrar villrein i å krysse veggen.

5.2 *Område for kulturminne – eldre jernbane*

5.2.1 Bana si horisontale og vertikale lineføring skal ikkje endrast. Reguleringsføremålet vert målt ut frå gjennomsnittleg senterline og strekkjer seg frå topp skjering til botn fylling eller minimum 4,0 m ut til kvar side frå senterline.

- 5.2.2. For føremålet med jernbanelina gjeld følgjande:
Bana er ikkje open for kjøyretoy utan etter samtykkje frå vedkomande mynde.
- 5.3 *Naturvernområde, med særleg vekt på sikring av areal til trekk for villrein. Innskjerpa høve til ferdsle og aktivitet.*
- 5.3.1 I området kan det ikkje førast opp bygningar eller anlegg av noko slag eller utførast inngrep som medfører fylling eller skaving av jord eller steinmassar. Det kan heller ikkje settast opp gjerde eller andre innretningar som hindrar ferdsle.
- 5.3.2 Kraftliner som krysser området skal vedlikehaldast på ein varleg måte. Motorisert ferdsle som følgje av planlagt vedlikehald bør ikkje leggjast til perioden frå etter påske til 1. juli.
- 5.3.3 For området gjeld følgjande føresetnader:
- a) Motorisert ferdsle er ikkje tillate, jfr. Lov av 10. mai 1977.
 - b) Aktivitetar som er støyande eller visuelt sjenerande for villreinen er ikkje tillate; til dømes hundespann i perioden frå etter påske og til 1. juli, telting og jakt.
- 5.4 *Områder med bygningsvern etter kulturminnelova*
- 5.4.3 Følgjande bygningar er omfatta av føresegna:
Slirå vaktarbustad, Slirå brakke og Sandå stikningsbu.
- 5.4.4 For området gjeld føresegnene ovanfor etter §2.1 så langt dei ikkje kjem i strid med verneframlegget i frå Riksantikvaren.